



Arkivnr: 2015/5700-10
Saksbehandlar: Stanley Hauge

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.06.2018

Møteplan for Hordaland fylkeskommune 2019

Samandrag

Det vert med dette lagt fram forslag til møteplan for 2019 for fylkestinget, fylkesutvalet, dei faste utvala og administrasjonsutvalet. Dei andre fylkeskommunale organa som ikkje er tekne med her, fastset møteplanen sin sjølv. På den elektroniske møteplanen på nettsidene våre vil ein også ta med møtedatoane for desse organa etter kvart som dei vert vedtekne.

I samband med regionreforma og opprettinga av Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020 er fylkestingsperioden 2015-2019 lengd ut 2019. I møteplanen for 2019 er det derfor ført opp møte også i dei to siste månadene av året.

Økonomi: Midlar til møteverksemda vert innarbeidd i budsjettet for 2019.

Klima: Ingen verknader.

Folkehelse: Ingen verknader.

Regional planstrategi: Ingen verknader.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek møteplan for 2019 for fylkestinget, fylkesutvalet, utval for kultur, idrett og regional utvikling, utvalet for opplæring og helse, utvalet for miljø og samferdsel og administrasjonsutvalet slik det går fram av side 5 i denne saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.05.2018

Etter kommunelova § 32 er det organet sjølv eller fylkestinget som fastset møtetidspunkt for fylkeskommunale organ. I delegasjonsreglementet – reglement for sakshandsaming pkt. 5 har fylkestinget delegert til fylkesutvalet å handsama møteplan for fylkestinget, fylkesutvalet, utvala, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret.

Andre organ som kontrollutvalet, klagenemnda, yrkesopplæringsnemnda, fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, valnemnda, fagskulestyret, fylkestrafikksikringsutvalet, ungdommens fylkesting og fylkesutval fastset møtedagar sjølv.

I samsvar med innarbeidd praksis er utkast til møteplan lagt fram som referatsak for utval for kultur, idrett og regional utvikling, utvalet for opplæring og helse og utvalet for miljø og samferdsel før fylkesutvalet gjer vedtek. Møte i andre utval og råd enn dei som er nemnde i reglementet pkt. 5 vert tekne med i trykt/elektronisk oversikt når organa har vedteke møteplanar.

Etter delegasjonsreglementet, del D. Delegasjon etter særlov pkt. 42, skal utval for opplæring og helse og utval for miljø og samferdsel gje innstilling til utval for kultur, idrett og regional utvikling i saker knytte til

- kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan
- reguleringsplan der fylkeskommunen er tiltakshavar

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har fullmakt til å fremja motsegn i slike saker.

I forslaget til møteplan er det lagt opp til at dei månadlege møta har rekkjefølgje slik at utval for kultur, idrett og regional utvikling kjem etter møta i dei to andre utvala.

Når møteplanen skal leggjast, er saksgangen utval – fylkesutval – fylkesting eit viktig utgangspunkt med tanke på at innstilling frå relevante organ skal vera klar før det skal gjerast vedtak.

I møteplanen for 2018 har utval for opplæring og helse og utval for miljø og samferdsel møtedag i ei veke og utval for kultur, idrett og regional utvikling i veka deretter. Fylkesrådmannen føreslår eit tilsvarande opplegg for 2019. Det vert lagt opp til at utval for opplæring og helse har møte tysdagar og utval for miljø og samferdsel onsdagar, slik det er i 2018. Møta i utval for kultur, idrett og regional utvikling er i 2018 i hovudsak lagde til tysdagar i påfølgjande veke. Dette vert gjort for å sikra at også innstillingane frå dette utvalet vil vera klare innan saksdokumenta til fylkesutvalet skal sendast ut. Målet er å redusera talet på utsendingar og helst unngå ettersendinga av innstillingar m.m.

Dei faste møtedagane for fylkesutvalet og dei andre utvala vert berre fråvikne når årsaka er samanfall med helgedagar eller særlege arrangement, konferansar og liknande.

For 2019 føreslår fylkesrådmannen at dei første møta i januar vert i veke 3, same opplegg som det var for 2018.

På grunn av helgedagar og arrangement i mai 2019 vert møte i fylkesutvalet lagt til onsdag 29. mai, dagen før Kristi himmelfartsdag. Fylkestinget sitt møte i juni vert lagt til onsdag og torsdag (12.-13. juni) i veka etter pinse. Junimøta i utval for opplæring og helse og utval for miljø og samferdsel vert i veka før pinse, medan møte i utval for kultur, idrett og regional utvikling vert tysdag 18. juni – i veka etter fylkestinget. Dette utvalsmøtet vert då i same veka som fylkesutvalet (20. juni).

Møte i utval for kultur, idrett og regional utvikling i september vert lagt til 11.-12. september (onsdag/torsdag) for å unngå møte dagen etter fylkestingsvalet (9. september).

Dei første møta etter sommarferien er lagde til veke 33. Det er ikkje lagt møte i haustferien (veke 41).

Det er eit krav i kommunelova § 45 at innstillinga til årsbudsjettet med alle forslag til vedtak skal leggjast ut til alminneleg ettersyn minst 14 dagar før den skal behandlast i fylkestinget. Dette er det teke omsyn til i tidsavstanden mellom fylkesutvalet i november og fylkestinget i desember.

Ved oppsett av møteplan for 2019 er det teke omsyn til følgjande:

Vinterferie for dei fleste skulane i Hordaland 25.2.-3.3.2019

Påske 14. – 22. april

Christiekonferansen UiB 2019 – xxx (25. april i 2018)

Nasjonaldag fredag 17. mai

Kristi himmelfartsdag 30. mai

Pinse 9.-10. juni

Festspela i Bergen 22. mai – 5. juni

Fylkestingsval 9. september

Hautferie truleg veke 41, 7.-13. oktober

Forslag til møteplan 2019 har vore lagt fram som referatsaka for utval for kultur, idrett og regional utvikling, utval for miljø og samferdsel og utval for opplæring og helse. Dei to førstnemnde utvala har ingen merknader til forslaget, medan utval for opplæring og helse ber om at det første møtet til utvalet i november vert lagt til tysdag 12. november i staden for 5. november. Dette er innarbeidd i forslaget frå fylkesrådmannen.

Avslutting fylkestinget perioden 2015-2019

Avslutting av fylkestingsperioden skjer normalt tidleg i oktober etter at nytt fylkesting er konstituert. I samband med regionreforma og ny Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020 får det noverande fylkestinget lengd perioden sin med to månader, det vil seia ut 2019. Men oppgåvene i denne tomånaders-perioden skal avgrensast til nødvendig avslutting av verksemda i den noverande fylkeskommunen.

I utkastet til møteplan er det ført opp møte i fylkestinget, fylkesutvalet og dei andre utvala også i dei to siste månadene i 2019. Dette som beredskap for å ta opp saker som treng avsluttande vedtak før den nye fylkeskommunen trer i kraft.

Hordaland fylkesting avsluttar normalt fireårsperioden med festsamekome i Håkonshallen ved det siste møtet sitt tidleg i oktober. Med funksjonstida lengd ut 2019, vert det avslutting i Håkonshallen i tilknytning til planlagt fylkesting 10. desember 2019.

Vestland fylkeskommune

Frå 1. januar 2020 vert den nye Vestland fylkeskommune oppretta. Val til det nye fylkestinget vert halde 9. september 2019.

I kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar om «Etablering av nye kommuner og fylkeskommuner, heiter det:

«Leder av fellesnemnda skal innkalle til konstituerende kommunestyre-/fylkestingsmøte innen 1. november høsten før sammenslåingen trer i kraft. Funksjonstiden til fellesnemnda går ut når det nye kommunestyret/fylkestinget er konstituert.

Kommunestyrene og fylkestingene i de opprinnelige kommunene/fylkeskommunene er formelt i funksjon til sammenslåingstidspunktet. Når sammenslåingen skjer i forbindelse med ordinært kommunestyre- og fylkestingsvalg, betyr det at fungeringsperioden forlenges med to måneder.

Ansvar og fullmakter er i denne perioden begrenset til nødvendig avslutning av virksomheten i de gamle kommunene.»

Og om årsbudsjett og økonomiplan heiter det mellom anna:

«Fellesnemnda skal utføre det forberedende arbeidet med økonomiplanen og årsbudsjettet for det første driftsåret. Økonomiplanen og årsbudsjettet for første driftsår vedtas av kommunestyret/fylkestinget innen 31.12. året før sammenslåingen.»

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune må ha konstituerande møte innan utgangen av oktober 2019 og årsbudsjett for 2020 må vedtakast i løpet av desember 2019.

Fylkestinget for Hordaland fylkeskommune for perioden 2015-2019 får forlenga funksjonstida med to månader, til utgangen av 2019. Men ansvar og fullmakter for dei to siste månadene i 2019 er avgrensa til nødvendig avslutning av verksemda i den noverande fylkeskommunen.

Funksjonstida til fellesnemnda, som førebur fylkessamanslåinga, går ut når det nye fylkestinget er konstituert, det vil seia seinast ved utgangen av oktober 2019.

Møteplanen for dei politiske organa for Vestland fylkeskommune for 2019 er det fellesnemnda som skal vedta. For 2019 må det fastsetjast møtedatoar for konstituerande fylkesting innan utgangen av oktober og fylkesting som skal vedta budsjett for 2020 i løpet av desember. Det må også fastsetjast møtedato(ar) for det nye fylkesutvalet som vert valt på det konstituerande møtet i oktober. Funksjonstida til fellesnemnda går ut når det nye fylkestinget er konstituert.

For fylkestingvalet 2019 må fellesnemnda etablere fylkesvalstyre til å stå for listegodkjenning, gjennomføring av valoppgjær og godkjenning av valresultat m.m. Også møtedatoar for fylkesvalstyret må nemnda fastsetja.



MØTEPLAN 2019

	Jan.	Febr.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Fylkestinget			5.-6.			12.-13.				1.-2.		10.
Fylkesutvalet	31.	20.-21.	28.		2., 29.	20.		29.	19.	31.	21.	19.
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	22.	12.	19.	24.-25.	21.	18.		20.	11.-12.	22.	12.	3.
Utval for opplæring og helse	15.	5.-6.	12.	9.	14.	4.		13.	3.-4.	15.	12., 26.	
Utval for miljø og samferdsel	16.	6.-7.	13.	10.	15.	5.		14.	4.-5.	16.	6., 27.	
Administrasjonsutvalet		13.			28.				5.		14.	

Det er teke omsyn til følgjande:

Vinterferie for dei fleste skulane 25.2.-3.3.2019

Påske 14.-22. april

Christiekonferansen UiB 2019 – xxx (25. april i 2018)

Nasjonaldag fredag 17. mai

Kristi himmelfartsdag 30. mai

Pinse 9.-10. juni

Festspela 22. mai – 5. juni

Hautferie truleg veke 41, 7.-13. oktober

For 2019 vert det lagt opp til desse møtedagane for utvala:

Fylkesutvalet torsdag (+ evt. onsdag)

KIRU tysdag (veka før fylkesutvalet)

OPHE tysdag (veka før KIRU)

MISA onsdag (veka før KIRU)

Pga. påska vert det møte i KIRU onsdag og torsdag etter påske, også KIRU-møte i september vert onsdag og torsdag pga. fylkestingsvalet 9. sept. Fylkesutvalet sitt møte sist i mai vert onsdag 29. mai, dagen før Kr. Himmelfartsdag.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

ØKONOMI - OG
ORGANISASJONSAVDELINGA